

Gjer som Steinar - bruk hundepose.

16.03.2016



Steinar Naterstad er alltid utstyrt med hundepose når han og Luna er på tur. Det er også dei fleste hundeeigarar, men ikkje alle!

**Like sikkert våreteikn som at bjørka sprett ut, er det dessverre at det kjem inn klager på svært irriterande og ekkel hundeskit. Også i år har vi fått ein del klager. Dei fleste hundeeigarane gjer nok si plikt slik som representanten på biletet, men det er nokre få som ikkje tar ansvar, og dermed kan irritasjonen gå ut over snille hundar og andre hundeeigarar.**

Som før får vi inn klager på at det er skit på fortau og gangvegar, men vi har også fått inn klage på at hundar har vore inne i private hagar og lagt frå seg! Det har og vorte klag på at posar med hundeskit har vorte funne både ved gangveien og på den asfalterte plassen i båthamna. Slikt skal sjølv sagt heller ikkje skje.

Oppfordringa vert at alle hundeeigarar må gjera slik som fleirtalet. Då slepp vi å irritera oss på hundeskiten i denne vakre årstida.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland